



Vedtaksdato
16. mars 2023

Vår referanse
2023/66

Saksbehandlar
Mona Ekelund

VEDTAK NR 28/23 I TVISTELØYSINGSNEMNDA

Saka blei behandla skriftleg av nemndleiar Anne Marie Due.

Saka gjeld

Tvist om rett til stilling for deltidstilsette tilsvarande faktisk arbeidstid etter arbeidsmiljølova § 14-4 a

Arbeidstakar

A

Arbeidsgivar

B kommune

Nemnda vedtok:

Saksforhold

A er fast tilsett som helsefagarbeidar i nattstilling på 66 prosent i B kommune, for tida ved B omsorgssenter.

Den 18. oktober 2022 sette A fram krav om stilling tilsvarande faktisk arbeidstid etter arbeidsmiljølova § 14-4 a.

Arbeidsgivar innvilga kravet delvis i brev av 13. desember 2022. A var ikkje einig i utrekninga og klaga på avslaget. I tida etter diskuterte partane korleis saka skulle løysast. I e-post av 24. februar 2023 fekk A tilbod om 85 prosent fast stilling med 66 prosent nattarbeid, resten dag/kveld. A har ikkje godteke tilbodet.

A sende saka til Tvisteløysingsnemnda 9. mars 2023.

Utsegner frå arbeidstakar

A meiner at e-post av 24. februar 2023 må reknast som det skriftlege avslaget på kravet.

A meiner ho har krav på 85 prosent stilling på natt, fordi både den faste stillinga og meirarbeidet hennar er knytt til nattarbeid.

Merknader frå Tvisteløysingsnemnda

Fristen for å bringe saka inn for Tvisteløysingsnemnda er fire veker etter at skriftleg avslag frå arbeidsgivaren er komme fram til arbeidstakaren, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 a første ledd.

Leiaren eller nestleiaren i Tvisteløysingsnemnda kan avvise saka aleine dersom det er openbart at vilkåra for realitetsbehandling ikkje er oppfylte, jf. forskrift om tvisteløysingsnemnd etter arbeidsmiljølova § 5 andre ledd.

Arbeidsgivar svarte på kravet i brev av 13. desember 2022. Det står tydeleg i brevet at kravet vart delvis innvilga, og det blei ikkje opna for klagebehandling eller fornya diskusjon av saka. Arbeidstakar klaga på avslaget 16. desember 2022 og må soleis ha motteke brevet seinast denne dagen. At partane etterpå har hatt korrespondanse fordi arbeidstakar har ønska ei ny vurdering, er etter nemndas leiars meining ikkje fristavbrytande. Vurderinga er i samsvar med nemndas faste praksis etter § 17-2 første ledd. Sjå blant anna vedtak 20/23, 110/22, 77/22, 123/21. Fristen for å sende saka til Tvisteløysingsnemnda gjekk dermed ut seinast 13. januar 2023. Saka blei send til Tvisteløysingsnemnda 9. mars 2023 og er derfor fremma for seint.

Nemndleiaren har etter dette komme til at saka må avvistast.

Konklusjon

Saka avvisast.

Tvisteløysingsnemnda

Anne Marie Due
Leiar

16. mars 2023

Til orientering:

Tvistar som nemnt i §§ 8-3, 10-13, 12-14, 14-3 første ledd og 14-4 a kan bringast inn for domstolane etter at avgjerda frå Tvisteløysingsnemnda er klar, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 andre ledd. Konklusjonen frå nemnda står ved lag mens saka er til behandling i domstolane. Dersom dette vil verke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsette ei anna, mellombels ordning.

Fristen for å bringe tvisten inn for domstolane er åtte veker frå det tidspunktet parten blei underretta om avgjerda til nemnda, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 tredje ledd.

Blir det ikkje reist søksmål innan fristen, har vedtaket verknad som ein rettskraftig dom, og det kan fullbyrdast etter reglane som gjeld for dommar, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 fjerde ledd.